Plast, plast, plast i lange banar, saman med ein av verdas fremste perkusjonistar under framvising av Sustain for elevar.

Ei annleis reise til Taremare by

Borte er det klare, reine havet. Under vassoverflata svevar plasten, ei draumeverd med rare skapningar, meir plast og fugle-menneske som lagar musikk på søppel.

Om du ligg med hovudet langt ned i blåmyra, slik du kanskje har flote ein fin sommardag, eller som Marsteinen sin utsende: Prøvt å liggja så lenge du kan opp-ned i kajakken, har du garantert soge til deg lydane: Motorlarm, bylgjene som i større eller mindre utstrekking marmar mot land, og om du tilfeldigvis har høyrt på ein sonar, kanskje ein og annan kvalsong òg? Bodil Lunde Rørtveit tek deg med på ei musikalsk reise i ei saltvassblanda plastsuppe i performance-stykket Sustain, som har premiære under Festspillene i Bergen.

Dans på bordet

Marsteinen er publikum på ei framsyning av verket, der skuleungdom i ulik alder sit rundt borda i salen på Cornerteateret, mellom BI, Nygårdsparken og det som i farne tider var Mjellem og Karlsen-verftet. I ein av dei to mørke salane i teateret, er det sett opp langbord med benkar kring. Ved kvart bord er det sett opp små trapper, eit trommesett av ulike plastbøtter og perkusjonsdingsar av anna plast står der plasten heng i lange remser. Ved stikkene, om ein kan kalla det han har i hendene for dét, sit nestor Terje Isungset. Han er mellom anna rangert blant dei 25 mest kreative perkusjonistane i verda i boka Percussion Profiles.

Austevollingen Bodil Lunde Rørtveit har saman med sin partner-in-crime Jørn Lavoll, henta inn ein koppel av dyktige musikarar til å traktera dei underlege instrumenta, alt saman skrudd saman frå skrot som er henta frå fjøresteinane. Musikarane er kledde for høvet, tidvis minner dei om utstoppa geirfuglar frå naturhistorisk museum, andre gongar ikledde vernehjelmar og ser ut som dei kan vera henta frå Byggmeister Bob, der dei bles inn i plastslangar som endar opp i kjeglar.

Musikken

Kva så med lydane som kjem frå denne merkelege samlinga av røyr, strengeinstrument, perkusjon og dei organiske lydane frå stemmebanda til Bodil? Dei glir inn i eit landskap som tidvis minner om jazz, andre gongar meir i retning av elektronika. Knapt nokon gong i løpet av framsyninga er det ord eller fraser som vert pressa frå strupa til 40-åringen frå Selbjørn, men fugleskrik, klagesong pressar seg ofte inn i uttrykket.

Det musikalske uttrykket vert særleg intenst når Annlaug Børsheim slår seg laus på strengane sine, ofte strekte på instrument som tek utgangspunkt i noko du kunne funne i reservelageret til Hanøyen. Fleire av blåseinstrumenta til Magnus Brandseth trylla fram tonar som gav assosiasjonar til urfolkinstrumentet didgeridoo, uventa organisk for å vera røyr og slangar.

Sansehage

Lavoll og Rørtveit fann inspirasjon i filmen *Midway* av Chris Jordan, som fortel korleis generasjonar av albatrossar døyr grunna plastsøppel dei fangar i havoverflata. Lik den heimlege havhesten, finn albatrossane mykje mat i overflata på havet. Når det ikkje er fisk, men ein plastkork eller ein lighter som endar i fuglemagen, blir liva til dei majestiske sjøfuglane dramatisk forkorta. Uansett, i framsyninga Sustain får du eitt og anna å fordøya sjølv. Det kan vera lett, musikalsk underhaldning, eller noko som set eit mentalt hinder når kasterefleksen melder seg neste gong du køyrer bil og er ferdig med brusflaska eller tyggegummien: Du kan ta innover deg tida me lever i, som Chris Jordan sjølv ville sagt det.

Stykket har premiere torsdag 25. mai på Cornerteateret.

Bodil Lunde Rørtveit, oppvekst i Austevoll, som plastkledd havfurie.

Slangar, trafikkjegler og oppheng: Voilà, eit nytt instrument er fødd.

M Trond Hagenes
trond.hagenes@marsteinen.no